

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 21.01.05
Sakshandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Fokusområde 2005**

Styresak 12/05 B

Styremøte 02.02. 2005

Bakgrunn

Styret valde i 2004 å fastsette fokusområde for å rette merksemda mot særskilte område innanfor styrets ansvarsfelt. Desse områda blei det rapportert på til kvart styremøte, og utviklinga gjennom året blei følgt i helseføretaksstyra og i leiarfora på ulike nivå. Ordninga med fokusområde blir foreslått ført vidare i 2005.

Kommentarar

PASIENTFOKUS

Under "pasientfokus" i 2005 foreslår vi å rette særskilt merksemd mot å redusere gjennomsnittleg ventetid, unngå fristbrot og korte ned epikrisetida.

Gjennomsnittleg ventetid

Det har vore ein klar nedgong i ventetider i Helse Vest det siste året, særleg i løpet av hausten 2004. Det er framleis vesentleg å ha fokus på ventetider: Ventetidene må haldast på eit lågt nivå der dette er oppnådd, ventetidene må reduserast på område der det framleis er lange ventetider, og det må bli færre pasientar som treng å vente lenge på behandling (over 6 månader). Dessutan må ein ha fokus på å redusere ventetidene også for pasientar som ikkje har rett til nødvendig helsehjelp.

Vi foreslår å sette som mål at den gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar (inkludert både dei med og dei utan rett til nødvendig helsehjelp) skal vere maks 70 dagar innan utgangen av 2005.

I tillegg til gjennomsnittleg ventetid for alle pasientar, vil vi presentere ventetidstall for somatikk og psykiatri kvar for seg, og skilje mellom vaksenpsykiatri og barne- og ungdomspsykiatri.

Fristbrot

Ifølgje pasientrettslova skal pasientar med rett til nødvendig helsehjelp få fastsett ein individuell frist for når pasienten seinast skal få behandling ut frå kva som er medisinsk

forsvarleg. Helseføretaka har ansvar for at dei individuelle fristane blir overhaldne. I 2005 vil det rettast eit særleg fokus på å unngå fristbrot, og på å følgje med på om bestemte pasientgrupper blir utsett for fristbrot.

Vi tilrår at det blir etablert ei månadleg rapportering via Sintef NPR når det gjeld talet på fristbrot i helseføretaka og dei private institusjonane i Helse Vest. Rapporteringa kan ikkje etablerast før den nye NPR-fila (XML-format) er implementert. Ein reknar med at dette vil skje i løpet av dei næraste månadene.

Fram til den månadlege rapporteringa er på plass, vil vi følgje nøye med i talet på fristbrot som blir rapport frå Eining for pasientformidling i Rikstrygdeverket.

Vi tilrår at det blir sett som mål at det ikkje skal skje brot på den individuelle fristen.

Epikrisetid

Epikrisetid er etablert som kvalitetsindikator både nasjonalt og regionalt, og var fokusområde også i 2004. Epikrisetid er ein indikator på samhandling/kommunikasjon med primærhelsetenesta, og lang epikrisetid kan føre til at pasienten får dårlegare kontinuitet og oppfølging etter utskriving.

Det er eit myndigheitskrav at 80 prosent av epikrisane skal være sendt innan 7 dagar etter utskriving. Ved utgangen av 2004 er ikkje målet nådd.

I løpet av 1. tertial 2005 skal myndigheitskravet vere innfridd. Helseføretaka og dei private institusjonane med avtale skal rapportere indikatoren månadleg, og resultata vil regelmessig bli presentert i leiarfora.

GOD VERKSEMDSTYRING

Vi foreslår å etablere ”god verksemdstyring” som eit fokusområde for 2005. Under dette fokusområdet foreslår vi å rette merksemd mot ”balanse 2005”, oppfylling av spesielle lovkrav som eit ledd i internkontrollen, og oversikt over personalkostnader.

Balanse 2005

Av den overordna styringsbodskapen for 2005 går det fram at Helse Vest RHF skal handtere omstillingsutfordringa slik at vi kan oppnå balanse i drifta i 2005 i tråd med Stortingets føresetnader.

Balansekravet inngikk i fokusområda også i 2004, og vi foreslår at det blir vidareført i 2005. I 2004 har helseføretaka kvar månad rapportert på effektiviseringstiltak vedteke i samband med budsjettet for 2004. Denne planen strekkjer seg òg inn i 2005, og helseføretaka har, i behandlinga av budsjettet for 2005, lagt inn fleire tiltak. Vi tilrår at rapporteringa for 2005 skjer på same vis som i 2004, men med oppdaterte tiltakslistar.

Internkontroll – spesielle lovkrav

Som eit ledd i etableringa av systematisk internkontroll, vil vi spesielt fokusere på å følgje opp korleis helseføretaka oppfyller krava i lov om pasientrettar. Dette skal gjennomførast ved å gjere stikkkontrollar på om helseføretaka systematisk tildeler rett til nødvendig helsehjelp og individuell behandlingsfrist, og om det har blitt oppretta system i helseføretaket for å ivareta oppgåva.

Frå 2. tertial tilrår vi å gjennomføre stikkontrollar på om helseføretaka har implementert rettleiande regionale retningslinjer for fastsetting av rett til nødvendig helsehjelp og individuell frist.

Løns- og personalkostnadar

Vi foreslår å følgje utviklinga tett på eit par av dei mest sentrale innsatsfaktorane i verksemda – månadsverk og gjennomsnittleg løns- og personalkostnad per månadsverk.

Utviklinga i talet på månadsverk kan følgjast månadleg frå starten av 2005. Data knytt til innleie av personell er av tekniske grunnar ikkje inkludert i rapporteringa enno.

Når det gjeld gjennomsnittleg løns- og personalkostnad per månadsverk er det nødvendig med kvalitetssikring av datagrunnlaget. Vi reknar med å kunne følgje dette kvar månad frå 2. tertial 2005.

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek følgjande fokusområde for 2005:

Pasientfokus:

- gjennomsnittlege ventetider
- fristbrot
- epikrisetid

God verksemdstyring:

- balanse 2005
- internkontroll – spesielle lovkrav
- løns- og personalkostnadar

2. Styret legg til grunn at det skal rapporterast på desse fokusområda kvar månad, og at resultat skal presenterast i helseføretaksstyra og leiarfora på ulike nivå.